

*Radøy sogelag**Årsmelding 2015*

(Møte 23.02.16)

**Bogatunet**

Årsmøtet 2015 vart halde den 19. februar i Prestegarden, Manger.

**Styret har i 2015 vore slik:**

Leiar:	Einar Borgund
Nestleiar/skrivar:	Vegar Toska
Kasserar:	Liv Berit Rath
Styremedlem:	Håkon Lunde
Styremedlem:	Kenth Remy Nesbø
Varamedlemer:	Bjørg Skiftesvik og Berit Kvalvik

**Skriftstyret er:** Bente Hervik, Karl Kolstad og Arthur Kleiveland

**Styremøte**

I året er det halde 10 styremøte, og handsama omlag 70 saker. Mykje styrearbeid har skjedd ved hjelp av e-post.

**Ny logo**

Radøy sogelag har no fått ny logo. Den symboliserar steinmuren, eit av dei eldste arbeidsfag i Radøy. Motiv og utforming er ved Mai-Liss Sylta Møn.

### **Medlemsblad 2015 – ”Historia om bureisaren og nyrydjaren i Radøy”**

Etter fleire års fråver kjem medlemsbladet ut i år. I dette bladet fortel me historia til bureisaren og nyrydjaren i Radøy. – Dei som rydja ny jord og bygde sine heimar der det før berre var utmark. Alle var i realiteten nyrydjarar. Men einskilde av desse fekk ei starthjelp frå staten i form av ulike tilskot og lån, men staten stilte strenge motkrav. Dei som vart godkjende under denne ordninga vart kalla ”bureisar”. Frå statsarkivet har me fått dokumentert i alt 33 slike bruk i Radøy. Utanom bureisarbruka er det berre to ”nyrydjarar” som er med i dette bladet. Dette fordi me ikkje har ei samla registrering over nyrydjarbruka. Skulle nokon kjenne til slike bruk, vil sogelaget gjerne få melding om desse og eventuelt få deira historier med i eit seinare medlemsblad.

Medlemsbladet er gratis til medlemmane, men familiar får berre eit nummer. Ikkje medlemmar får kjøpe bladet for kr. 80,-.

Etter søknad er me tildelt kulturmidlar frå fylkeskommunen på kr. 10.000,- til dette tiltaket.

### **AKTIVITETAR I ÅRET DER SOGELAGET HAR VORE MED**

#### **Krigsminnevandringa 10. mai**

Som markering av at det er 70 år sidan andre verdskrigen tok slutt, vart det arrangert tur til krigsminna på Marøy og til Forsøy der det var fangслеir for russiske fangar. Turen var tilrettelagt av kulturkontoret i Radøy, Marøy grendalag og Skjærgårdsfisk Visningsssenter som stod for båtskyss til Forsøy, og grilla laks til eit hundretals deltakarar. Sogelaget deltok med Vegar Toska som stod for guidinga saman med Kåre Marøy.

Festninga på Marøy, og like eins den på Vågenes, var ein del av Hitler sitt solide forsvarsverk mot vest, Atlanterhavsvollen som strekte seg frå Frankrike, via Belgia, Nederland, Danmark og vidare langs heile Norskekysten.

#### **Tur og Torv søndag 7. juni 2015.**

Tur og Torv søndag den 7. juni hadde sin bakgrunn i at 2015 er Friluftslivets år.

Idèen kom frå kommunen v/kultursekretæren. Radøy sogelag og ein del privatpersonar vart medarrangørar. Seinare kom 4-H med, dei hadde ulike aktivitetar for barna.

Turen gjekk til torvhusa til gardane Pletten og Sletten. For nokre år tilbake hadde 7 av desse fått nytt tak og frontvegg med dør. Ein del andre torvhus er framleis til nedfalls.

Torvmyra, som i dag er tilvakse med skog, og torvhusa ligg i dalføret nord-vest for parkeringsplassen til Snekkevika. Om lag 50 personar møtte fram trass i eit kraftig regnver.

Arne Villanger fortalde om torva si historie som brendsel og Jan Lygren fortalde frå arbeidet med ”torve” for gardane Sletten og Pletten.

På den tid husa var brukt til torvlager var der ingen frontvegg og dør. Heile veggjen var open. Den tørre torva vart stabla som ein solid vegg. Det fremste laget var trekt 60 – 70 cm innom opningjen. Det var difor viktig med gjerde rundt torvmyra slik at beitande dyr ikkje kom til og reiv ned torva.

Då den formelle samlinga med kaffe og kringje var over var det tilbod om guida tur i området. Guidinga tok Anne Marie Horpestad og Inger Lygren seg av. Mange vart med på turen.

#### **Pilegrimsvandring for barn 27. og 28. juni**

Wilco Vogelaar frå Radøy kyrkje tok kontakt med sogelaget om å vere ”vertskap” i Skageneset under ei ”pilegrimsvandring” for barn. Turen skulle gå frå Sæbøvågen med båt til Mangerøy. Vandring gjekk vidare etter turstien frå Mangerøy til Skageneset. Etter overnatting i Skageneset ny vandring til Manger kyrkje der dei om sundagen skulle delta under gudstenesta.



Sogelaget tok på seg å vere ”vertskap” i Skageneset når ”pilegrimane” kom laurdag om lag kl. 18.00. Det vart servert lapskaus m. m. for alle + kaffi og kringle for dei vaksne. Sogelaget hadde og ansvaret for fortelje om Skageneset si historie frå krigen.

### **Opning av Kystsogevekene for Radøy 9. august**

Tras lit dårleg ver var det mange som kom til Skageneset både til fots og med båt. Sogelaget deltok ved at Harald Jordal orienterte om Skageneset sin viktige posisjon under krigen i samband med flyktingtrafikken.

### **Steinalderstiane ved Fosenstraumen var i fokus 13. September**

Austrheim Kyst- og sogelag hadde då storstilt markering av Kulturminnedagane 2015. Radøy sogelag var innviterte til å delta. Me fornya merkinga av stien på Radøysida. Under turen var flintsmeden Morten Kutschera med og hadde interessante og engasjerte innlegg.

### **Tema Øydegardar i Radøy**

Øydegardar er gardar / buplassar som vart lagt øyde. Dei fleste etter Svartedauen. Der er ikkje samla registrering over slike bruk i Radøy, og etter kvart er alle synlege spor borte. Tett skog er og årsak til at det er vanskeleg å finna tufter eller andre spor. Saman med kultursekretæren har sogelaget freista å finna øydegarden Grimstad som ligg i Sæbø si utmark nær grensa mot Kviste. Plasseringa er omtala i gamle dokument. Området ber framleia namnet Grimstad, Grimstadvika og Grimstadneset. Gudmund Kvalheim som hugsar staden frå få år tilbake vart med som vegvisar. Ein annan dag vart Sigmund Sæbø med som vegvisar i området der øydegarden Sætre var, eit område som ligg nærare Ulvatnet. Det var ingen synlege spor å finna.

Søndag 20. september vart det samling på Slippen i Sæbøvågen, der stipendiat i arkeologi Therese Nettet hadde foredrag om øydegardar – korleis desse låg i landskapen, kvifor dei vart fråflytta og om livet på landet i mellomalderen. Etter kaffipause drog eit trettitels personar på vandring til Kvalvika, som og hadde lege øyde ei tid. Me fekk og oversyn over landskapen mot Grimstad. Det var ein hyggeleg familietur og som markering av at 2015 var ”Friluftslivets år”.

Med på turen var Therese Nettet og arkeolog Elizabeth Warren frå fylkeskommunen.

### **Skulebarn på Bogatunet**

Som tidlegare år var det besøk av skuleklasser og barnehagar på Bogatunet. Dette året kom vertsklassen frå Manger, og mange barn og ein del vaksne var innom desse tre dagane. Ny aktivitet dette året var kipebinding, Ludvig Grindheim tok seg av dette. Som vanleg var det stor begeistring og engasjement. Også dette året har me fått kr.3.000 frå den ”Kulturelle skulesekken” til tiltaket.

Søknaden om SMIL-midlar vart avvist dette året, og me har fått melding om midlar frå landbruket no berre kan gå til produksjon.

### **Skilting av gjenstandar på Bogatunet**

Styret er i ferd med å lage nye skilt og oppmerking av ulike gjenstandar på Bogatunet, og vonar å få mykje gjort i løpet av vinteren. Like eins pågår rydding av løa.

***Fint om nokon kan stille til dugnad på Bogatunet !! – Ta kontakt med ein frå styret.***

### **Krigsminnemedaljen**

Det er 70 år sidan andre verdskrig, og sogelaget vart bedt om å medverke til å finna personar/kvardagsheltar som burde fått tildelt heidersmedalje for sin innsats under krigen. Under eit arrangement på Alver hotell den 17. juni fekk desse frå Radøy tildelt medaljen:

Jon Pettersen, Ingeborg Skagenes, Audun Vetås, Nils Vågenes, Inge Kvalheim og Olav Ottesen.

### *Ope stabbur* (Stabburet i Prestegardstunet)

I samband med "Senterdagane" hadde me "Ope Stabbur" laurdag 6. juni for sal av bøker om Radøy si historie. Me hadde og konkurranse med bokpremie og trøstepremie. Mykje folk var samla i senteret, men heller få kom innom stabburet. Det synest som om folk er så opptatt av det som skjer i handelssenteret at dei ikkje får tid til sogelaget sitt tilbod. Styret vurderer no å ha open stabbur utanom senterdagane.



### Nettside og facebook

Radøy sogelag er på "nettet" med heimeside og på facebook. Det er Bente Kopperdal Hervik som er redaktør og står for drifta. Særleg interessant er "Månadens kulturminne" der ulike personar presenterer sitt kulturminne.

Søk på: [WWW.radoysogeleg.blogspot.com](http://WWW.radoysogeleg.blogspot.com) og [facebook.com/radoysogelag](https://facebook.com/radoysogelag),

Send oss stoff som høver å leggje ut på sogelaget sine sider til: [bkhervik@yahoo.no](mailto:bkhervik@yahoo.no).

### Boksal

Sogelaget har for sal:

Boka - "Eg lika Radøy best - Radøy kommune 1964 – 2014". Pris kr. 150,- (før kr. 300,-).

Boka - "Nordhordland 1814 – 2014" kr. 200,-.

Boka - "Helsearbeid i skiftande tider" kr. 100,-.

Me sel og bygdeboka "Radøy gjennom tidene" bind 1-5, til same prisen som Kultur- og sørvistorget som er: kr. 400,- pr. bind eller kr. 1500,- for alle fem binda samla (før kr. 500,- pr. bind).

Me sel og sogelaget sine medlemsblad. Dei kostar mellom kr. 80,- , og kr. 30,-.

Bøkene får du kjøpt om du kontaktar leiar eller kasserar.

### Grasrotandelen – Norsk Tipping

Du som tippar – gje gjerne grasrotandelen til sogelaget

Kommisjonæren godkjenner gjerne at du berre at du gjev opp Radøy sogelag.

Om turvande er registreringsnummeret: 997 609 220

**Medlemstalet** - Ved årsskiftet hadde sogelaget om lag 160 medlemmer.

**E-postadresser:** Me prøver å få registrert medlemmane sine e-postadresser. Om du ikkje alt har gjort det, så send den til:

Liv Berit Rath – [livb.rath@gmail.com](mailto:livb.rath@gmail.com) eller Einar Borgund – [ainar.borgund@bkkfiber.no](mailto:ainar.borgund@bkkfiber.no)

*Styret vil takke medlemmer og andre for god hjelp og oppslutnad om sogelagsarbeidet.*

Februar 2016

Einar Borgund Vegar Toska Liv Berit Rath Håkon Lunde Kenth Remy Nesbø

Bjørg Skiftesvik Berit Kvalvik



Radøy sogelag

## **Kommentar til reknaskapen i samband med søknad om Driftstilskot – Merka RQ37J2**

Rekneskapen til sogelaget er heller lite detaljert og det er vanskeleg å hente ut eksakte tal for å legge inn i søknaden. Det er difor brukt ein del skjøn.

Sogelaget har 2 bokprosjekt som ikkje teke med i dei tala som framgår av søknaden.

### **Boka "Eg likar Radøy best".**

Boka er eit samarbeidsprosjekt mellom Radøy kommune og Sogelaget.

Dersom prosjektet går med overskot skal dette delast mellom dei to partane.

Så langt er det ikkje overskot. Salget går heller tregt.

Inntekt på selde bøker framgår av rekneskapen. Noko av dette er overført til kommunen, men noko ligg framleis i kassabeholdningen til laget – overskotet.

### **Medlemsheftet**

Medlemsheftet er gåve til medlemmane.

Av Hordaland fylkeskommune fekk me eit tilskot på kr. 10.000,- til dette arbeidet.

Tilskotet dekkjer om lag kostnaden til produksjon og utsending.

Medlemsheftet er heller ikkje med i søknadsbeløpa.

Beløpet tilskot frå Landbruksdirektoratet på kr. 11.000,- gjeld pengar som skulle vore utbetalt tidlegare år.

Fast utgiftspost for laget er leige av stabburet i Prestegarden på Manger.

Etter avtale med kommunen er leiga kr. 700,- pr. måned + straumutgifter.

Vonar dette kan vere avklarande i høve til søknaden. Om turvande kan me koma med meir detaljerte opplysningar.

Med helsing

Radøy sogelag

  
Einar Borgund

(leiar)

# Radøy Sogelag: Rekneskap 2015

## Resultatrekneskap:

Inntekter		Inntekter
Medlemskontingent	kr	10 908,00
Sal av bøker og hefter	kr	13 780,00
Diverse tilskot fra Radøy Kommune	kr	9 000,00
Tilskot fra Landbruksdirektoratet	kr	11 000,00
Tilskot fra Hordaland Fylkeskommune	kr	10 000,00
For mye bet. Hordaland Sogelag 2014-Tilbakebet.	kr	1 780,00
<u>Renteinntekter</u>	kr	<u>6 296,00</u>
<b>Sum inntekter</b>	<b>kr</b>	<b>62 764,00</b>

Kostnader		Kostnader
Innrykk aviser årsmøtet i Radøy sogelag	kr	1 876,63
Utgifter Hordaland Sogelag årsmøte	kr	1 925,00
Stabburet husleige og strøm	kr	13 042,26
Bok salg "Radøy 50" år til Radøy Kommune	kr	9 000,00
Bogatunet - arbeidsutgifter og maling etc.	kr	4 885,00
Andre utgifter	kr	10 571,00
<u>Bank -gebyr og renter</u>	kr	<u>133,00</u>
<b>Sum utgifter</b>	<b>kr</b>	<b>39 482,89</b>

## Overskot / underskot drift:

Inntekter	kr 62 764,00	÷ 50,-
<u>Utgifter</u>	<u>kr 39 482,89</u>	
Overskot	kr 23 281,11	
<u>+Avvik</u>	<u>kr 4,00</u>	
<b>Overskot</b>	<b>kr 23 285,11</b>	

## Balanse:

Bank pr. 31.12.15	kr 429 669,67
Bank pr. 01.01.15	kr 406 384,56
<b>Kontroll sum overskot</b>	<b>kr 23 285,11</b>

2015 / 19.02.15 Styret:

Einar Borgund	Liv Berit Rath	Vegar Toska	Håkon Lunde
Leiar (su)	Kasserer (su)	Sekretær (su)	Styremedlem (su)

Ettersynsfolk:

  
Olav K. Morken